



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 Bergen

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
2014/11640	17.09.2018	105634/2018/223	Bjørn Ringstad, 71 28 04 39	25.09.2018

Kystpilegrimsleia - administrasjon av tilsegn om tilskott frå Riksantikvaren. Stadfesting av regional medfinansiering

Vi viser til brev av 17.09.18 om stadfesting av regional medfinansiering knytt til Riksantikvaren si støtte til Kystpilegrimsleia.

I Møre og Romsdal fylkeskommune var det i Kultur- og folkehelseutvalet 16. mai 2018 orientering med referatsak om kystpilegrimsleia og framtidig organisering. Her blei det gjort greie for fylkeskommunen sitt bidrag på kr 100.000: «*Under føresetnad av at dei andre fylkeskommunane er med i prosjektet, blir finansieringa av Møre og Romsdal fylkeskommune sin del å hente frå prosjektet Ein bit av historia. Vi viser her til vedtak av økonomiplan 2018-2021, budsjett for 2018.*» Det politiske framlegget ligg ved som vedlegg.

Sjølve hovudmarkeringa for opning av Kystpilegrimsleia var lagt til Smøla 23. juni 2018. Vi har førebels ikkje fått krav om utbetaling av fylkeskommunalt tilskott til Smøla, men kostnadane ved gjennomføringa av arrangementet er berekna på over 200.000. Tilskottet frå Riksantikvaren vil dermed berre dekkje ein mindre del av kostnadane. Møre og Romsdal fylkeskommune har gjeve Smøla kommune lovnad om støtte på inntil kr. 125.000,- til åpningsarrangementet. Vi legg ved invitasjon til markeringa som viser programmet for dagen og eit avisutklipp frå arrangementet.

Med helsing

Heidi-Iren Wedlog Olsen
fylkeskultursjef

Bjørn Ringstad
fylkeskonservator

Dokumentet er elektronisk godkjent og krev derfor ikkje signatur